



Til elevar og foreldre

Dato: 11. februar 2025

## Informasjon om PISA-undersøkinga våren 2025

Skulen din er trekt ut til obligatorisk deltaking i PISA-undersøkinga (Programme for International Student Assessment). PISA er eit internasjonalt forskingsprosjekt med ca. 90 deltakarland. I Noreg er det 286 grunnskolar som skal delta.

### Kven er ansvarleg for å gjennomføre PISA-undersøkinga?

- Utdanningsdirektoratet (Udir) finansierer og er ansvarleg for PISA-undersøkinga i Noreg, og OECD er ansvarleg for heile den internasjonale gjennomføringa.
- Universitetet i Oslo (UiO) gjennomfører PISA i Noreg på oppdrag frå Udir.

### Når blir undersøkinga gjennomført?

Skulane vel ein dag i perioden frå 10. mars til 2. mai 2025 for å gjennomføre undersøkinga.

### Kva måler PISA-undersøkinga?

PISA-undersøkinga kartlegg 15-åringar sin kompetanse i naturfag, matematikk og lesing. Prøva er digital. Undersøkinga har vore gjennomført kvart tredje år sidan 2000. Alle dei tre fagområda er med kvar gong, men dei skiftar på å vere hovudområde. I 2025 er hovudtemaet for prøva naturfag. Denne gongen får elevane også oppgåver i programmering og modellering. Elevane har to timar på å gjennomføre den faglege prøva. I tillegg skal dei svare på eit spørjeskjema med spørsmål om undervisning, haldningar til naturfag, læringsmiljø og foreldra sitt utdanningsnivå og yrke. Du kan sjå spørjeskjema frå tidlegare PISA-undersøkingar her: [www.pisa.no](http://www.pisa.no). Det er også meir informasjon om undersøkinga på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/internasjonale-studier/pisa/>.

### Kva er formålet med PISA-undersøkinga?

Formålet med PISA-undersøkinga er å få meir kunnskap om elevane sin kompetanse, samt kva erfaringar og opplevingar dei har i klasserommet og på skulen. Målet med PISA er å seie noko om kompetanse på nasjonalt nivå, ikkje på elevnivå. Denne kunnskapen kan brukast til å forbetre undervisninga, auke trivselen og utjamne forskjellar. På [www.pisa.no](http://www.pisa.no) finn du eksempel på forskingspublikasjonar frå tidlegare gjennomføringar av PISA-undersøkinga.

### Personvern og behandling av data

Ingen lærarar eller andre tilsette på skulen får sjå svara på prøva eller spørjeskjemaet. Svara blir lagra sikkert og behandla konfidensielt. I samband med gjennomføringa av PISA blir det brukt deltakarlistar med namn på skulen, elevane sitt fornamn og ein påloggingskode til prøva.

Deltakarlistene blir oppbevarte trygt ved UiO, og det er berre forskarar på PISA-prosjektet som har tilgang til desse. Kontaktpersonen ved skulen har også ein kopi av deltakarlista, og denne lista blir sletta så snart som mogleg etter 1. juli 2025. Listene som er oppbevarte ved UiO, blir sletta innan 31.12.2027. Når listene er sletta, vil ikkje svara og resultatata kunne koplast direkte til personar som har svart.



# UNIVERSITETET I OSLO

## Behandlinga av data og filer

Pseudonymiserte data (det betyr at data ikkje er kopla til namn på elevar eller skular) blir lagra på Amazon Web Services (AWS) og Google Cloud Platform servere lokalisert i Europa. Desse dataa blir lasta ned og kvalitetssikra av det nasjonale senteret ved UiO. Deretter blir fila delt via ein sikker applikasjon (PISA Connect) med dei internasjonale sentra som OECD samarbeider med i gjennomføringa av PISA-undersøkinga, slik at OECD og desse sentra kan jobbe vidare med dataa. Dei internasjonale sentra er Australian Council for Educational Research (ACER) i Australia og Westat, i USA<sup>1</sup>. Datasettet blir lagra på ubestemt tid for å kunne brukast til forskning.

## Dine rettar som elev

Å delta i PISA-undersøkinga er obligatorisk for elevar<sup>2</sup>. Det står i forskrift til opplæringslova §19-7 og forskrift til privatskulelova §13-6. Du kan ta kontakt med Udir sitt personvernombod for å utøve dine personvernrettar. Du har også rett til å klage til Datatilsynet: [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no).

Dersom du har spørsmål om PISA, kan du kontakte:

- Fredrik Jensen: [pisa-prosjekt@ils.uio.no](mailto:pisa-prosjekt@ils.uio.no), 22 84 45 91
- Personvernombodet i Udir: [personvernombud@udir.no](mailto:personvernombud@udir.no)

Takk for at du deltar på PISA 2025!

Vennleg helsing

Fredrik Jensen  
Prosjektleder PISA 2025

## Felles behandlingsansvarlege institusjonar:

OECD  
2, rue André Pascal  
75016 Paris, France  
Tlf: +33 1 45 24 82 00  
Epost: [DPO@oecd.org](mailto:DPO@oecd.org)

Utdanningsdirektoratet  
Schweigaards gate 15 B, 0191 Oslo  
Org. nr. 970 018 131  
Tlf: 23 30 12 00  
E-post: [personvernombud@udir.no](mailto:personvernombud@udir.no)

---

<sup>1</sup> Grunnlaget for overføringa av data til sentra utanfor EU er personvernforordninga artikkel 49 nummer 1, bokstav d. Google Cloud og Amazon Web Services er sertifisert gjennom den nye Data Protection Framework (DPF): <https://www.dataprivacyframework.gov/list>

<sup>2</sup> Behandlingsgrunnlaget er personvernforordninga artikkel 6 nummer 1 bokstav e) og artikkel 9 nummer 2 bokstav g, med supplerande nasjonal heimel i personopplysningslova § 8 og §9, og i forskrift til opplæringslova §19-7 og forskrift til privatskulelova §13-6.